



Foto: Erling Fløistad/NIBIO

## Kunnskapsoverføring om investering og ombygging til lausdrift

**Den viktigaste faktoren for å lykkast med investering og ombygging til lausdrift er god planlegging. For små og mellomstore buskavar vil det vere viktig for bonden sjølv å «eige» sitt prosjekt i større grad enn ved nybygg. Rådgivaren må da i større grad vere ein diskusjonspartner for bonden.**

### PROSJEKT KUNNSKAPSOVERFØRING OM INVESTERING OG OMBYGGING TIL LAUSDRIFT

I 2023 tildelte Landbruksdirektoratet nasjonale tilretteleggingsmidlar til gjennomføring av prosjektet Kunnskapsoverføring om investering og ombygging til lausdrift. Prosjektet har samla inn kunnskap frå ulike prosjekt som har gått på temaet frå bås til lausdrift i perioden 2019 til 2023. I tillegg er det intervjuar ulike aktørar i bransjen som bønder, rådgivarar, bank, Innovasjon Norge og entreprenørar for å få eit samla bilde av situasjonen og kva dei gode råda er når ein skal bygge om frå båsfjøs til lausdrift.

### UTFORDRINGAR FOR SMÅ OG MELLOMSTORE BRUK

Ein metode for å skape lønnsemd etter utbygging er å utnytte eksisterande ressursar på garden. Eksisterande fjøs kan vere aktuelle å bruke vidare, enten i kombinasjon med eit påbygg eller som ein fjøs for ungdyr og sinkyr. Da er det mellom anna viktig å kartlegge status på gjødselkjellaren. Fagekspertisen må ned i kjellaren og vurdere i kor stor grad det må gjerast tiltak, og kor lenge ein kan drive i fjøsen. Dette må deretter bli kostnadsberekna slik at ein kan få eit godt grunnlag for å ta ein avgjerd: Skal ein

bruke den eksisterande fjøsen vidare, kor lenge er det aktuelt å bruke den, og kva vil utbetringa koste?

Dei siste 20 åra er det kome strengare krav når det gjeld bygningar. Det er både kvalitetskrav og krav om erklært ansvarsrett. Det gjer at det er færre tilgjengelege aktørar til å bygge fjøs, og entreprenørar ønsker i mindre grad å bruke materialar bonden har tatt ut frå eigen skog.

### REGIONALE FORSKJELLAR I BYGGEKOSTNAD

Prosjektet «Utredning av byggekostnader og kapital for investering i driftsbygninger i landbruket» (Bogstad m.fl., 2023) undersøkte søknadsstatistikk frå Innovasjon Noreg og fann at det er forskjell i byggekostnad mellom ulike regionar i Noreg.


Østlandet og Jæren har lågast byggekostnad. I Trøndelag kan det sjå ut som at kostnadsbildet heng saman med at det er større buskapar og større prosjekt. Den kvantitative analysen viser at Jæren og Sør- og Vestlandet har størst prosentvis auke i mjølkekvote. I Nord-Norge er det dyrt fordi det er store avstandar og krav om sterkare konstruksjonar på grunn av snøtyngde. Det er ofte få tilbydere av byggetenester, og det er ofte firma sørfrå som bygger. På Jæren er det korte avstandar, stor byggeaktivitet i jordbruket, fleire firma som kan landbruksbygg og som konkurrerer om oppdraga.

### GODE TILTAK FOR AT BONDEN SKAL LYKKAST MED INVESTERING FRÅ BÅS TIL LAUSDRIFT


Eit viktig utgangspunkt for ein bonde som vil investere i fjøs er motivasjon og kompetanse. Eit godt produsentmiljø i lokalmiljøet kan vere ein av brikkene som må vere på plass for at motivasjonen og ønske om å satse er til stades. Det er derfor viktig at forvaltninga også er med å skape lokale møteplassar og slik bygge nettverk mellom produsentar. Det er også viktig at bonden får eit godt liv som mjølkeprodusent. Eit av dei grunnleggande behova er å kunne ta fri i enkelte helgar, og få ta ut ferie. Det må vere tilgang på avløy-sar, også ved sjukdom. Eit godt produsentmiljø kan også vere eit godt grunnlag for maskinsamarbeid som vil kunne betre lønnsmda på gardane, fordi dei får fordelt maskinkostnadane på fleire bruk og større areal.

### RÅD TIL GARDBRUKAREN

Bonden må i forprosjektet finne sin ønska framtidssituasjon. Prosjekt Innlandsfjøset har derfor utarbeidd eit A3-skjema til hjelp for bonden, «Forprosjektverktøyet». Poenget er at bonden skal ta styringa på sitt eige prosjekt. Ein tek da utgangspunkt i no-situasjonen – endringsreisa – og ønska framtidssituasjon. Det er viktig at det er bonden som sjølv noterer i eige skjema, spesielt med tanke på eigarskap og bestillerkompetanse.



Figur 1: Kostnader per kuplass i mjølkeproduksjon: søknadsår, første år (s+1), andre år (s+2), tredje år (s+3), fjerde år (s+4) og femte år (s+5) etter søknad fordelt på region. (Kjelde: Bogstad m.fl., 2023)



Figur 2: Forprosjektverktøyet (Kjelde: Prosjekt Innlandsfjøset)

Ein del av planlegginga er å legge ein langsiktig plan. I Prosjekt Innlandsfjøset har det vore fokus på å sette ei kostnadsgrense tidleg, og unngå høg totalgjeld. I dei fleste tilfelle er dette mogleg ved å ta investeringa i fleire trinn, der bygg/ planløsning blir prioritert i det første trinnet, og der det blir nytta så enkel mekanisering som mogleg frå starten. Husk at det er vondt å kutte når ein allereie har teikna drøymefjøset. Start heller nøkternt og tenk fråval, og ikkje tilval.

### VERKTØY FOR Å VELJE FRÅ

Ein har tre område for å velje frå:

1. Hovudfunksjon
2. Arealfunksjon
3. Kvalitet

Å velje frå hovudfunksjon som ungdyravdeling eller fokusavdeling løyser ikkje «problemet», men får prisen vesentleg ned for det aktuelle byggetrinnet. Ved å kutte areal som fôrsentral, store bi-rom eller breie fôrbrett kan ein spare inn på lite produktive areal. Kvalitet er ein eigenskap noko har, eit bortval på kvalitet kan vere å kjøpe brukt i staden for nytt, eller enkel mekanisering i staden for automatiserte løysingar.

Ein sentral del av ei vellykka omlegging til lausdrift for små og mellomstore bruk er å forstå deira moglegheiter, og ha realisme og gode planar i prosjekta går det fram av intervju.



Foto: Siri Johanne Langmo

I prosjektet har vi samla opp åtte råd til bønder som skal bygge (sjå rapporten for uttømmende forklaring, Langmo m.fl., 2023):

1. Ta eigarskap og kontroll over både økonomien og prosessen
2. Sett av nok tid og ressursar til planlegging
3. Vær nøktern og realistisk
4. Ha kalkylevett. Forstå kostnadsoverslag og driftsplan.
5. Ha kontraktsvett. Ikkje signer noko i forprosjektfasen når du enno ikkje har landa på eit godt og lønnsamt prosjekt.
6. Tenk på dyra og drifta. Å tenke på besetning, rekruttering og drift undervegs og etter bygging er sentralt for ei vellykka omstilling.
7. Tenk på møkka. Skal du bruke eksisterande gjødselkjellar, bygge ny eller kanskje ha gjødselkum. Kostnader til gjødselhandtering kan vere betydeleg, og det er derfor lurt å vurdere fleire alternativ både når deg gjeld lager og uttransport/ spreining.
8. Tenk på deg sjølv. Du må bygge for deg sjølv, din arbeidskvardag og di drift, kompetanse og interesse.

### RÅD TIL RÅDGVINGSAPPARATET

Ta rolla som diskusjonspartnar i møte med bonden og vere bevisst på at den viktigaste oppgåva som rådgivar i denne situasjonen er å gje bonden god bestillerkompetanse. Bestillerkompetanse betyr at bonden som bestiller av ei fjøsløysing må tileigne seg kompetanse for slik å kunne finne den mest optimale løysinga for seg og sitt bruk i samarbeid med rådgivar. Bonden må «eige» sitt prosjekt, og vite kva konsekvensar det får om enkelte løysingar blir valt vekk. Det handlar også om å vere bevisst på kva investeringar på eit seinare tidspunkt, i mekanisering inne i fjøsen eller i maskiner ute, betyr for den økonomiske utviklinga på garden.

Vi har samanstilt nokre råd til rådgivar i møte med dei som skal bygge:

1. Fasilitar eigarskap og ansvar. Gjer bonden bevisst på kor viktig det er med bestillerkompetanse og det «å eige» sitt eige prosjekt.
2. Vis prosessbevisstheit, rolleforståing og heilskapstankegang. Tenk på kva som er ditt ansvar og kva som er bondens.
3. Bruk kalkylevett og gjer ein grundig risikovurdering. Risikovurderinga bør også ta omsyn til tida etter byggefasen.

4. Før dialog og legg til rette for samarbeid. God kommunikasjon og samkøyring er viktig for alle involverte partar i ein byggeprosess. Rådgivar kan legge eit viktig grunnlag frå start.
5. Vær nøktern og realistisk. Alle planar må vere basert på ressursgrunnlaget på garden.

Innovasjon Norge har laga nettkurs «for deg som skal bygge lausdriftsfjøs» (<https://www.innovasjonnorge.no/artikkel/losdrift>).

Ressursavklaringsmidlane frå Innovasjon Norge på maksimalt kr 100 000 kan bidra til å gjere bonden sitt prosjekt grundig og godt planlagt, slik at det i andre enden blir ei lønnsam drift for bonden.

Husk at det ikkje blir gitt tilskot til tiltak som alt er påbegynt før søknaden om finansiering frå Innovasjon Norge er avgjort (<https://www.innovasjonnorge.no/tjeneste/tradisjonelt-landbruk>).

### KONSEPT FOR BYGGE- OG MOTIVASJONSKURS

Prosjekt Innlandsfjøsset foreslår at modellen dei har utvikla kan nyttast som ein stamme i eit nasjonalt opplegg basert på denne skissa:

- Ein nasjonal pådrivarhub tek initiativ til både nasjonale og regionale tiltak
- Gjennom året vert kommunane brukt aktivt for å mobilisere bøndene
- Det blir arrangert årlege lokale/ regionale møte med fokus på løysingar og verktøy (Innlandsfjøsmetodikken)
- Rådgivinga lokalt held tak og støtter opp den enkelt bonde vidare fram

### REFERANSER:

- Bogstad, M.H., Klimek, P., Haukås, T., Vasseljen, J. (2023). Utredning av byggekostnader og kapital for investering i driftsbygningar i landbruket. NIBIO Rapport 9 (142) 2023.
- Langmo, S.J., Bogstad, M.H., Haukås, T., Garmo, R.T., Kischel, S.G., Brørs, K.M. (2023). Kunnskapsoverføring om investering og ombygging til lausdrift. NIBIO Rapport 9 (168) 2023. <https://www.innovasjonnorge.no/>
- Prosjekt Innlandsfjøsset. Retrieved from: <https://innlandsfjoset.com/>

### FORFATTERE:

Siri Johanne Langmo og Marie Henriksen Bogstad